Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64 | Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Volda

Emne: Død og Begravelse | Bygdelag. Austefjord

Oppskr. av: M.K. Gursdal | Gard: Gursdal

(adresse): Austefjord i Volda | G.nr. 61 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dødsvarslar —

Det er meg fortalt at i eldre tider fekk sume menneskje dødsboda si gjenom røyster og lydar frå ymse fjell som gav atterljom frå røyster inne i fjellet. Dette vart kalla „Dvergemål," og „Feidarlåt."

Sp 1.2.3.4. Ei.t. fanst sume menneske som tykkte dei hadde større evne enn andre til å „Ane"-føle etterstundande Dødsfall enn andre. Men „om dette var anna enn Spådom", veit eg ikkje.

Sp 5) Ordbruk som „Helleg mann" og „Feigdarlys" er her ukjende. Men når ymse uhell av sjeldsynleg art støytte til hjå vedkomande, vart det gjerne oppfatta og tolka som „Feigd" som tilfall vedkomande. I verste fall var det Dødsfeiga som vart varsla soleis. Ved dødsfall [illegible] feigda burt, forsvant!

Sp 6) Varling gjenom den glupande apetti- den sokalla Helhunger er og kjend frå gamal tid.

Sp 7 og 8. Nokon serskild regel eller tradisjon ved sengsted og rom er ukjendt her. Men målbar den som låg for døden noko serskildt ynske soleis, vart det innretta seg etter det.

16868

16868

Sp 9. Var dødskampen hard med liding, vart døra og Gluggen opna. Dermed skulde ånda få friare vengefang for å flytta frå lekamen til himmels. For å lindre dødskampen fall dei pårørande på kne i bøn og bad Gud om å taka imot sjela.

Sp 10-11) Til vanleg vart presten bodsend når det vart sansynleg døden stunda til.
Presten las gjerne eit „Guds ord" for den — spurde gjerne um hans personlege forhold til Gud og hans medmenneskje, Var det i orden på kristeleg vis — so fekk den Nattverd. Få gjekk tapt av Nattverd når dei hadde sendt bod etter presten.

Sp 12 Skyldfolk og andre som vara til i nære krins vart bodsende. Folk dei hadde ugreeda med som ikkje var årna; personleg oppgjerd likeso. Det skulde ordnast som godt det var råd til burtgangsdagen.

Sp 13 Korleis gravferda skulde ordnast var mykje indevidualt etter den døyande sitt ynskje. Sameleis arvesaker og andre saker vart mest råd var etter den døde sitt ynskje. Verre og uklarare var det når vedkomande ikkje evlar. ordn nokon ting.

Tida millom dødsfall og gravferd.

Sp 14) Dei som vara til sa: Han eller ho „Dei døydde" „Dei Somna". Dei flytte", „Dei Slokna". „For frå vår heim til den himmelske" o.s.v.

Sp 15 For å vissa seg om den døyande var død vart pulsådrer og hjarte granska. Hadde hjarte stogga og lekamen kald var vona for livet ute. Men ofte let dei gamle eit kjertelys stå brennande

Sp 16 ved senga etter at døden var funnen stad. At „Skindøde" har funne stad, har me høyrt segn om, men ikkje kjendskap til.

16868
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Sp 18 og 17. Dei som sat attved den döjande
syrgde altid for å late att augneloka.
Under haka var det vanleg å legga salmeboka
til den döjande. Um munnen vilde opna seg
Sp 19 vart det nytta at bind å halda kjaven oppe.
So snart den döjande var slokkna, vart næraste
20 granne laget varsla
21 Um varsel til heisdyr ved dödsfall er ukjendt her.
Sp 22 Dödsromet og liket vart vaska og stelt samstundes
og ordna det fyrste döger. Fyrehang for glas
og vindu var opphengt so det vart skumt og
halvmörkt i romet.
23) Etter at den döde var lik i 24 timar og lagd i
„liksjorte". Liksjorta var det til vanleg i
kvar manns gard gjerdeg syde og var av lin.
Fyrst når liksjorta var koma på, vart liket
flytta or senga.
Sp 24) „Når liksjorta var på kunde det leggjast på
eit bord, daso likkista ikkje var arbeid ferdig
Den vart i tids bokar fram til fyrst verkskrig
arbeid av heimeverts skog sorke av grannelagets
folk. Etter den tid kjöpt ferdige.
Ofte var likkistor ferdige fyre döden. Eldre
folk syrgde ofte for sine eige likkistor fyråt.
Sp 25-26. „Ha verta lagd på likstra", var her den
vanlege nemningga for når lik vart lagd i
kista. Likstra'a i kista var halm eller höj av
reinaste som fanst i löda, vart lagde under liket.
27) Sengahalmen vart brend so snart liket var
koma på likstå i kista
28 Ogso andre ting vart brende isaman med senghalmen
Var det tvil for mitti i som var att etter vaskmannds
vart mykje brendt av bohavet.
Sp 29.) Liksta i kista fekk til vanleg fylgja til gravi
30 Liket vart stelt snarast råd var. Det vart
31 til vanleg stelt av deim som hadde tilsyn
og pleie ved dödslaget at den Döjande.

16868
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 16868

Sp 32 Ufrant du før nemde liksporte - var det vanleg å legga eit klæde av same farge som sporta over liket sin fottende oppover til armane

33 Håret vart vasken og stelt-

34 Menn med vanleg skjeggvekst som elles var i god form - fekk fylja uendra til grava.

35-36. Med vasken vart negler klypte um dei var mendre spå'lege

Sp 37 Lekvatn som medesin, - ukjendt å vera nytta her.

Likklær:

Sp 38-39. Her segjer me nå: „Ha sveipa liket."
Tidlegare hette det: Klæ like når liksporte vart påklædd.

Sp 40: Ord som: „Liklaken" og „Liksveip" er velkjende her. Liksveipen rokk opp til halsen og vart snörd saman under hoka. Dette etter lik-
41 sporta si tid.
Brurelaken som liklæde vart nyttes när Brura döydde i stutt tid etter brudlaupet hennar.

42 At lekke vart klædd i vanlege over og underklær er ukjendt her.

43. Brudgomssporte vart og i enskelde höve nytta som liksporte. Men sjeldan. Eldre folk hadde ofte liksporene sine liggande i årevis.

44 I eldre tider var det linen som var tradisjon til dette bruk. På mange gardar var linen foredla av gardens heime sola lin.

45 Föler på lik var overdekte.

46 Sko og Strömper vart ikkje bruka i kista.

47. Berre ein duk eller plagg især for kvinner.

48. Likklær sjeldan skelnad på for unge og eldre Myrtekrans for kvinner var vanleg

49 Barselkoner nytte ofte sine brudelakan.

50. Blonder på likklær fyrst nytte i seinare tid, utanom bruk av brurelen med saum på fra brura sjuga.

51 Lin nytta dertil fra eldgamal tid.

16868

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Sp 52 Ferdige likklær kjøpte dei siste 50 åra
53 No er og sveip av papir komme i bruk.
54 Ukjendt her
55 Heller sett på som førleg.
56 Ukjendt
57 Mynt over øyet ukjendt som lækeråd.
Sp 58 Um likkiste ikkje nett stod rede på kvar gard so var det vanleg å ha liggande saga matrial til på komande tilfelle.
59 I eldre tider trenagler - Seinare kamesmedde.
No lim og spikar frå krambua.
Sp 60 Stropper og berehankar er nytta so langt attende eg veit.
61. Kista var laga av mest høghente i granmelagje
No er det kjøpt fabrikkvare
62 I forleda var den farga svart, kjøpefargar
63 No kvit farga på fabrikken i 25 år.
64 Opning i kistelokket var det alltid før. Kvifor?
Det var mildare stank av liket da - Var folk kom fra sjå den døde.
Sp 65. Høvelspon er no vanleg nytta som underlag
66 Mennest ikkje kva innlegg som nyttest mest i putene der?
67 Kister til likferd er no kvit.
68. I kista vart og berre um Salmebok inda hoka uframbt lik sveip og åklæde.
69 At barselkona skalde ha barnetøy med, hev og ikkje høyrt her i bygda.
Sp 70 Granbar er dei fleste kistor pynte med til gravferdsdagen. Før var det alltid ein kross i kistelokket med kulört farge. No i siste lid er meir brukt å feste kross på kista utanpå utan å kuta eller rissa den inn kistelokket.
71 Strå linfrø rundt kista er her ukjendt -
72 planter mot innsekt - for meg ukjendt.
73 Det matte isofall vera bruk av korsets teikn
Sp 74. Slekt og vener var etter vanleg skikk tilstades

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 16868

når dera avdøde vart lagd i kista."
Der vart då halde Andakt, bön og song med alvor og åminning om livets alvor.
Sp 75. Når dei la dei avdøde i kista, var det ikkje vanleg å servere mat til dei frammötte. Ingen dans. Men djupt alvor i sorg.
76 Var det godt om husrom, vart gjerne likkista sett inn i beste stova når det var höve til det. Store stova eller Stas stova på garden var dertil, vart det sakt. Var Stabburet-romslegt vart det også brukande. På forsumaren för höy og avling vart hausta vart også låven nytta til dette. Berre i Nauds fall naustá.
Sp 77. Husrom der liket stod, var det vanleg å pynta med granbar på veggen og kvar, einestro over golvet.
78 Sundom kranar og krossar av bar og blomar.
79 Men gjerne med tildekk glas so det var skumt
80 i romet der kista var – til gravferdsdagen kom.
81 Barhytte var her ikkje nytta til likstove.
82 Barstro mellom husdörer og gangvegar i tunet.
83 Loket på kista var det ingen fast regel med, var loket avlekje var det duk over andlet. Liket lag med beina imot dora.
84. Andlets duk av kvitt vakkert töy, duken i firkant
85 kalla Andlets duk.
Sp 86 Grannar og vener vilde gjerne sjå liket i kista
87. Austefjord i Volda hev ikkje gravkapell. Fyrst i aret 1879 fekk bygda si eegi kyrkje. Den var kjöpt og flytta hertil fra Orlandet i Trondelag Der den hadde vore i 100 år. Vart lita der i Bygda. Eigen gravstad og kyrkjegard fekk da bygda etter 1880. Tidlegare var gravstaden ved Gamle-Voldakyrkja og for denne bygda Men for Volda sokn er no gravstaden på Lairshaugen på Rodset med gravkapell der.
Sp 88 Nei det er berre små endringar i skikkar i gravferd på Lairshaugen og her hjå oss.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
16868

## Sorg:

Folk skulde i syrgetid over den avdøde syna i sin
Sp 89 ferd at det hadde hendt noko som gjorde dei audmjuke.
Dei var tagale og tala berre om dei mest naudsynlege
90. ting. Stug og karm arbeid som laga bråk, heldt dei
seg ifrå.
91. Sörjetida varde til over gravferd
Men sömeleg ferd var det å fyrebu gravferda på
ein verdig måte — — Men halde seg burte i frå
gledefester som brudlausfestar og al lettere under=
held. —
Sp 92. Syrgedrakta i syrgetida mykje i farge. Enkjer
93. etter avdøde menn skulde vere heilt svartkledde
med svart siljefaksa plagg på hovedet. Med ungdom
og born var denne regel mindre radisjonelt fylgd
både i syrgetida og i gravferde. For 40 år sidan tok
folk i sorg til å bruke „Syrgeband" på armen
av breid svart bårde. Ditte bar for kvinner og menn.
94. Enkje hadde ikkje serskilt Syrgedrakt ifrån ditto med
fargen.
Sp 95 Enkje i sog med born og stor forsytingsbyrde
der var det dei nærstyldes si plikt både å
tröysta og letta forsytingsbyrdene. Nar fyrste året
i sorg var omme, var dei hjelpsame gjarnvel
å finne å få ein ny forsytar til enkja
ved nytt gifte mål. Det lukkast godt for
50 år attende serleg um enkja sat med
hus og gard. Ordtaket vart: Han fekk seg bå
hus og gård i medgifte." Då skulde ho ikkje syrgja
meir. Ho vart sorglaust forsytt.
Sp 96 Oppattvekte döde hadde og höyrt sagn om. Men pro
vanta.
97. Gamle råder, men utan röyndom.
Ha synge ut leket.
98 Likferda skulde vera minst 4 döger etter döden
og ikkje på Sundag eller högtidsdagar.

16868
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp 99. Her seg[illegible] me no som før: „Grafferd" og Graviferdsdag[illegible]
100 Etter gamal god skikk er lik i likkiste sungne ut-
før ferda til kyrkegarden. I godt ver, samlast
gjerne gravferdsfolket på tunet til andakt.
101. Var det kome folk til som vart liket [illegible] ad kista,
derso det var ynskje om det hja frammøtte.
102 Stakløde over kista i dette høve er her ukjend.
103. Var kista inne i lunt rom, var det god
skjikk med brennand ljos på kista elr attved.
104 So vidt meg kjent ingen fast tradisjon med
eit etter tro ~~ljos~~ ljoss.
105. Ljosa vart flytta burt nar kista vart bori ut.
106-107 Fell ut.
108. „Å bera ljosa til kyrkja var brukt der avdøden
ikkje var utlagleg lang.
Sp 109. Å brenna ljos natta fyre gravferde var ingen fast
regel.
110 Har høyrt fortalt om „Våkestove" i gamal tid, utan
å kunne skanne gjøre greid [illegible] om det.
111 Dei slutte med den gamle Voka for umlag 100 år sedan
112 Gratekonene er burte og gløymde no.
113. Jau for ein mansalder sedan.
114. No er det ofte presten talar i heimen til gravferd
Men er ingen fast skikk. Tilhøva er so ymse for kvar.
115. Siste Mansalder.
116. Foruten presten var det folk i bygda som vart bedne.
om å syngja liket ut- og tala ved båra. Ofte var det
læraren. Dei vart bedne om det fyrst.
Sp 117 Å drikka „Velferdsøl" er det i bygda slutt med
118 fyre årstal 1800.
119 Dei som stod avdøde nærast i skyldskap (ætt) og
granneskap var og er det som ber likkista ut.
Sp 120 . Berre ektefelle og syskje var skåna for regelen med
å bera liket ut or stove. Dei stod gjerne gråtande ved
121 sida av. Denne regel er no som for dei
siste mannsaldrar.
122 Liket skulde berast med fot[illegible] fyre.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16868

Spursmål 123 og 124. Ukjende ting her.
" 125 Å strö einebar på tun og tunvegar er i bruk enno.
Sp 126. Å sitja kviste ved på tunet er enno i bruk når det godt veir og det vert tala og song der ved kista.
127. Berara får no ingen skjenk der. Slutt med det for lang tid sidan.
128 Kvinner er med likferda heilt til kyrkja og grava.
129. Berre i tilfeller lang veg og uveir fylgde få menn med til grava og kyrkjegarden.
130 Sidan Hastefjord fekk eigi kyrkje og gravstad i året 1880 vert kvinner som vera til med på graferda til grava.
Sp 131 Di större gravferdsfylgje di större ære er vist den avdöde i hans omgangskrins.
Sp 132 Æresportar utan for heimen er sjeldan brukt, men heller blomar og litt pynt og flagg når liket vert förd inn i kyrkja.
Sp 133. Nei, ved vegskil ved kyrkjevegen vart sjeldan pynta med granbar. Men flagga på halv stang i tunet der.
134 Men det er og ho vore hevda som god skikk å flagga på halv stang når likferda for framum. Det kom i bruk mest etter fyrste verdskrig. För hadde heller få flagg.
135. Husbonden på garden heiste flagget på halv stang i grannelag, på næskylde ættegardar i bygda og venner som budde nær inntil kyrkjevegen.
136. Flagget skulde til topps når jordfestinga var over.
137. Folk som av ein eller annan grunn var hindra frå å vera med i gravfylgje stod gjerne ved vegskilet med samanlagde hender og bert hovud (utan hatt eller huve) til gravfylgje drog forbi — so vende desse heimatt.
138 Her i bygda fleggar ingen på halv stang heile dagen.
139. Likfylgje song gjerne eit salmevers for kvar gard dei gjekk framom. Men sjeldnare utan stogg i ferda.
140 Likfylgje vart motteke med hattar og huver av.
141 Det var vanleg med song, jamvel i båtferder.
142 Nei, höge ropa höyrd ikkje med til andektan som tilhöyrde gravferds etikkar her!
143 Ingen kvilestein
144 Ingen fast regel for det. Heller ingen fast regel
145 for underlaget under kista.

16868

16868
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

146 Hester med visse farar i likfylgje er ukjendt her.
147 Heller ikkje at hesten måtte vera utan föl.
148 I likferd skulde det kjöyrast langsamt til kyrkja.
149. På heimveg vanleg kjöyring utan kappkjöyring.
150/51 — Ein kjöyrevand kar ved sida av likvogna.
152. Songaren ved sida av kista.
153 I vanskelege vegar vart kista bori av likfylgje.
154. Viten om avdödes skjebne gjenom klokkelåt og ljósa på kista er ukjende og usikkje tydde for skjebne her.
Sp 155. Her er tilstades tendens å tru alle salige ved döden ba kommer i barneseng og omkomne på sjö og land, — Men at undantak er — Sjölovalda död.

Til kyrkja og kyrkjegarden.

Sp 136 Det er no vanleg praksis at likfylgje samlast i kyrkja för kista vert sett i grava. Dei same som bar kista utor heimen til likvogna ber likkista av vogna og inn i kyrkja vår. Der vert den sett på tvo krakkar i gangromet innmot koret. Gravtale vert haldi, salmar vert songe. — Og so kjem lyd og lag med sine kransar til avdödes ros og heder. I heimen vert gjerne kransar frå næraste ætta pålagde. I tilfelle der den avdöde döyde på sjukehus og burte ifrå heimen, hender det at gravfylgje samlast i kyrkja og ikkje i heimen.

Sp 137. Her i vår bygd er enno i bruk den gamle orning med at næraste grannelag hev gravarlag som grev gravene för ^ likferda kjem med kista. Reidskapen til dette tilhöyrer kirkja og er under kirkekelsyniks varsleit.

138. Når gravfylgje er ferdig med tale og song i kyrkja, er det
139. vanleg at gravarlaget under orgeltonar forer ~~ut~~ ber kista til gravi. Ingen song för kista er sett på kanten ved grava. Då seg presten at bibelord og likfylgje syng gravsalme fyre og etter talen.
160 Hesten som kjöyrde liket vart sett i stal eller i at naust ved sida av graslada.
161 Presten stod fyre jordfestinga.
162 Her er ingen tradisjon å bera kiste rundt kyrkja.

83831

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 16868

 11

Sp 163 Som før nemnt var det og er vanleg å bera kista i kyrkja.
164. Kyrkjeklokka ringjer so snart kista kjem ut kyrkjedøra.
"Song når kista er sett ved gravkanten
165 Å bera likkista rundt grava er utan tradisjon her.
166. So snart presten hadde jordfesta, ringjer kyrkjeklokka
til grava er jamna og stelt med pålagde kransar.
Sp 167. Her er ingen fast gravar. Berre gravarlag i grannelaget
168 Dei stader der gravar er tilsett, tilkjem den gravar.
169. Grava vert kasta opp fyrst o. Gammelt dagen før.
170 Gravarlaget ordnar alt.
171 Når presten var tilstades kasta han jord på kista i
172 open grav. Om han ikkje det var, fyrste prekesundag etter.
173 Med jordfestinga var vedkomande ferdig med jordlivet.
Små [illegible] også etter jordfestinga.
174 Gravstadene stelte og pynta også i eldre tider men på
enklare måte enn no.
175. Dei fleste graver vert pynta og stelte til høgtidsdagar og fødselsdagar.

Særlege tilfelle

176 Dei som sjølv tok sitt liv, vart for 100 år sedan
gravlagde utanfor kyrkjegard. Lekklær som andre
177 Gravferd dei som tok sitt liv hadde seinare år vore gravlagde
som andre. Men so stille og ubemerket som mogeleg
utan jordfesting. Lufta over gravene er ukjendt.
178 Er ukjendt her.
179 sjå No 77.
180 Grava for udøypte barn. Lagde i ein utkant av kyrkjegarden
Sp 181 Barn som vart fødde forteldes, gravne med i utkanten
kyrkjegarden. Til dels lagde i graved slag med andre.

Gravøl

Sp 182 Gravøl er den gamle skikken som svara til ordet.
Etter kvart som det heimebrygga ølet kom burt ifrå gravlaga
kom også ordet „Gravøl" burt og bytt med Gravferd og
„Gravferdslag".
183. Det hev endra seg mykje med dette å beda folk til gravferd.
Det var ei tid dei sende bod eller bedemenn. No er det slutt
Vert sett ei lysing i Lokalavisa vår „Møre". Alle som vil
fylgja til grava er hjarteleg velkomne. Og folket kjem.

88991
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 16868

Sp 184 Dett med beding og bedervlag hadde fastare form til Bryllaup
185 enn i gravferder. Til brudlaups tale og klær tjost og lett. Til
186 gravferds er ou..ne Myrklede og aloonstele præga innbod og samvær.

187. Innbydinga til gravferd var: "Velkomne for å taka del i den
tunge sorg ved den avdødes bortgang."

188 ukjendt her. Ingen Mat for gravferdsdagen.

189 Berre ved lenger avstandar.

190 Gravøl og gravferd berre ein dag.

191 Eitt eller tvo maltid. Eat i Heimen. Eat att i gravbåt.

192 Til vanleg brómat. For 40 år sidan var øl til. Sidan kaffi

193 Her var det eins for gifte som for ugifte.

194 Husfolket på garden hadde sorg som tyngde. Difor var det
Slekt og grannar som tok seg mest av arbeidet med ferda.

195 Dei aller næraste grannelag arbeidde ikkje gravferdsdagen

196 Dei var med i gravfylgje. Det var helst dei som ikkje tok del
i fyrebuingsarbeidet som kom med Sending - anten dagen før eller
hadde det med gravferdsdagen. Kvinnor hadde ba sendag og

197 Syrgeklædd i svarte fargar. Nei ingi fyrål-tilstelling.

198 Hovedregelen var Svart drakt

199. Her var ikkjeist skilje på halve og heile sendingar

200 Her var andsyes gravøl so langt me veit. Berre dei som tok seg
201 av fyrebuingane fekk Mat i gravferdsgarden dagen før.

202 Alkoholforbruket tok slutt når dei slutta heime bryggje ølet.

203 Nei, tvert imot. I brudlaups hadde ølbrygg at bet feste.

204 Ja, det synest slik at Krans vart kontakt bindeleddet

205 Ved hundredåret 1900, kom Kransane fyrst laga i heimen sidan
Kjøpte hjå bindare. Dei siste år og pottablomstrar.

206 Kjølyng - bikkvistar med blad med blomar i var vakre

207 Sikkj slöjfer på med innskrift tok til krig 1918.

208 Det er vanleg at 2 eller 3 kransar fylgjer kista i grava

209. Kransane ligg på grava 2 og 3 månadstid til vanleg.

210 Heile gravfylgje fær festmåltid når grava er stelt og
Kransane pålagde. Måltidet er nøbe utan alkohol.

211 På Hotell eller på restaurang, eller i Heimen etter som
det høver so best.

212 Dødslysingar i lokalblad byrja i vissa fyre år 1900.

M. K. Gjørsdal
Austefjord: Volda.

83831
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
16868